

ALVAR MELVÆR
STOREHAGEN 1 C
6800 FØRDE
E-post: alvar-m@online.no
Tlf: 918 22 864

Førde 25.11.2025

Til: NVE
nve@nve.no

Høyringsfråsegn saksnummer 202205918 Søknad om å regulere Selsvatnet i Sunnfjord kommune, Vestland fylke

Takk for NVE sitt høyringsbrev av 03.10.2025 om ein ny revidert søknad om regulering av Selsvatnet.

Fråsegnene mine daterte 19.04.2024 og 23.04.2024 til den første søknaden om regulering av Selsvatnet, gjeld framleis. Eg ber derfor NVE om å ta omsyn til det som står desse fråsegnene, med vedlegg! Fråsegna no, omhandlar hovudsakleg tillegg til fråsegnene frå 2024, og gjeld den nye damløysinga og kommentarar til andre nye opplysningar som har kome til sidan 2024.

Ny dam og konsekvensane av den:

Den nye utforminga av dammen, er ei klår forbetring frå den som vart omsøkt i 2024. Samanlikna med 2024-søknaden blir dammen mykje kortare, lægre, betre tilpassa terrenget, og det blir ikkje inngrep i form av lukehus, solcellepanel etc.

Men det er framleis uheldig med nye inngrep i eit frå før stort, fint og no heilt urørt landskapsrom inne i ein viktig del av den nyetablerte «**Fjordkysten Regional- og Geopark, Ein UNESCO Global Geopark.**» Sjå: <https://fjordkystparken.no/>. Dette verdfulle landskapsrommet bør framleis vere heilt inngrepsfritt! Og meirproduksjonen i kraftverket på grunn av berre dammen, vil eg karakterisere som ubetydeleg. Etter mitt syn er **ikkje** fordelane med utbygging/regulering større enn ulempene!

Omtale av nokre av konsekvensane av dambygginga:

Usikker is: Utbyggarane meiner at «Fare for usikker is (vinter)» blir «Som naturlig», sjå: Tabell 1: Prosjektoppsummering, og Punkt 3.2, siste avsnitt, på side 20 i konsesjonssøknaden. **Eg er ikkje einig i det som står der!** Grunngeving:

Selsvatnet ligg ifølgje konsesjonssøknaden på «berre» kote 839 – 840, og nær kysten. Det betyr at i dei aller fleste år (men sterkt varierende frå år til år) er det, når det ligg is på Selsvatnet, fleire episodar med mildvær, vind og kraftig regn, opp i 1.100 – 1.200 moh eller høgere, med tilhøyrande snøsmelting i tillegg til alt regnet. Med dei klimaendringane ein no ser, må ein vente at slike episodar kjem oftare og blir kraftigare ettersom åra går. Med ei spalte i dammen på berre 75 cm, vil vasstanden i Selsvatnet kunne stige frå LRV til HRV på berre nokre timar. Det er svært sannsynleg at dette vil resultere i oppsprukken is langs land! Viss fleire slike «episodar» kjem med relativt korte mellomrom, vert oppsprekkinga verre. Ved naturleg vassføring vil breidda på utløpet ikkje vere ei fast spalte på 75 cm, men ei «spalte» som utvidar seg gradvis tilsvarande opp til lengda på dammen – 10 -15 m. Det gir ei «rolegare» og i dei fleste tilfelle mindre, vasstandsstiging.

Oppdemming aukar betydeleg sjansen for oppsprukken is langs land.

Positivt med den nye planen for dammen, er at den reduserer sjansen for overvatn på Selsvatnet. Spalta på 75 cm gjer at ein del av vatnet kan renne ut **under** isen. Med 2024-planen måtte vatnet i mildvær-periodar renne over toppen av dammen «for å sleppe fri». Det ville auke sjansen for overvatn på isen.

3.5 Raudlisteartar:

Eg ser at det er konflikt med 2 raudlisteartar, men har ikkje kompetanse til å vurdere kor alvorleg dette er. Eg ber NVE om å bruke sine fagfolk til å gjere denne vurderinga.

Villrein: Eg ser at Sunnfjord Villreinutval i E-post til NVE 12.05.2024 sende foto som dokumenterte ein villrein med nyfødd kalv på veg over isen på Selsvatnet. Det er nok ikkje den einaste reinen med kalv som kryssar vatnet på isen, det er truleg mange!

På side 21 i konsesjonssøknaden står mellom anna følgjande: *«I driftsfasen vil området i stor grad ha samme funksjon som ved dagens situasjon. Isforholdene på vannet forventes å opprettholdes som i dag, og dermed opprettholder vannet sin funksjon for villrein.»*

Som eg har gjort greie for under «Usikker is» ovanfor, er eg ikkje einig i dette. Eg meiner at usikker is langs land vil vere ein fare, særleg for villreinkalvar, også med den nye og forbetra utforminga av dammen. Eg viser også til det eg har skrive om dette i 2024-fråsegnene.

3.13 Ferskvassressursar – Drikkevatt i driftsfasen:

Etter den første utbygginga av Selselva, har det vorte meir og meir klårt – og kjent - at drikkevasskvaliteten hos Bygstad vassverk har vorte VESENTLEG dårlegare. Fleire andre fråsegner enn mi, (eg har tidlegare truleg undervurdert problemet, dessverre,) indikerer at kvaliteten generelt har vorte dårlegare – i lange periodar har den vore heilt uakseptabelt dårleg. **Dette går ikkje. NVE må stille krav om at Bygstad får ei tilfredsstillande drikkevassforsyning både om det blir gitt ein tilleggskonsesjon eller ikkje!**

Ved val av løysing må det vere eit krav at vatnet **ikkje** skal renne «i dagen» mellom kraftverksinntaket og det noverande drikkevassinntaket. Vatn «i dagen» på den strekinga har i praksis vist seg å gje altfor dårleg drikkevasskvalitet. Vidare må ein ha ei løysning der det ikkje blir «piska luft inn i drikkevattnet,» då det vil gå ut over drikkevasskvaliteten. (NVE og truleg nokre tilsette i Sunnfjord kommune, veit kva eg meiner med det.)

I siste avsnitt på side 26 i konsesjonssøknaden står det: *«I forbindelse med konsesjonssøknaden er det vurdert at i den grad en regulering påvirker drikkevannskvaliteten, så vil det være til det positive. Reguleringen er flomdempende, og vil redusere utvasking langs elveløpet under flom. Det er forventet at jevnere vannføring vil føre til at vannet holdes renere. En forsinkelse i avrenning fra Selsvatnet vil også redusere eventuelle tørkeperioder og gi mer stabil vannforsyning.»*

Eg er **ikkje** einig i alt som står her! Reguleringa vil verte flaumdempende ved små flaumar der vatnet ikkje vil renne over toppen av dammen i nemneverdig grad, det er heilt korrekt. Men ved dei verkeleg store flaumane, vil reguleringa verte flaumforsterkande når vassføringa vert så stor at vatnet renn meir enn anslagsvis 4 – 5 cm høgare enn toppen på dammen. (NVE kan rekne ut dette meir nøyaktig.) I desse store flaumane blir det meir utvasking, ikkje mindre.

3.14 Brukarinteresser

Eg viser til det eg skreiv om dette i fråsegna mi av 19.04.2024.

Sluttord:

Sjølv om den nye damløysinga er ei forbetring, går eg framleis mot regulering av Selsvatnet. Det blir feil i dette landskapsrommet!

Auken av slukevna i kraftstasjonen kan vere akseptabel under den uttrykkelege føresetnaden at drikkevasskvaliteten vert kraftig forbetra og kjem opp på eit mykje høgare og fullt ut tilfredsstillande nivå - heile året. Folk som bur i Bygstad fortener det!

Venleg helsing
Alvar Melvær